

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/40	12.06.2023	Samfunnsutvalet
2023/42	20.06.2023	Kommunestyret

Forslag til kommunal forskrift; åtferdsreglar med heimel i friluftsløva § 15 - regulering av camping/ overnatting i friluftsområde ved Liabru**Innstilling frå kommunedirektøren**

Lom kommune vedtek med heimel i *Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr.16* kommunal forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring mykje brukte friluftsområde i Lom kommune, som vedlagt saka. Forbodet gjeld i område avgrensa slik kartvedlegg til forskrifta syner.

Lom kommune tek ansvar for å få produsert skilt med informasjon om forbodet, som grunneigarane kan plassere ut i samråd med kommunen som vegeigar.

Saksprotokoll i Samfunnsutvalet 12.06.2023:**Behandling**

Votering over saka: Samrøystes vedteke lik innstillinga

Vedtak

Lom kommune vedtek med heimel i *Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr.16* kommunal forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring mykje brukte friluftsområde i Lom kommune, som vedlagt saka. Forbodet gjeld i område avgrensa slik kartvedlegg til forskrifta syner.

Lom kommune tek ansvar for å få produsert skilt med informasjon om forbodet, som grunneigarane kan plassere ut i samråd med kommunen som vegeigar.

Saksprotokoll i Kommunestyret 20.06.2023:

Behandling

Innstilling frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek med heimel i Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr.16 kommunal forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring mykje brukte friluftsområde i Lom kommune, som vedlagt saka. Forbodet gjeld i område avgrensa slik kartvedlegg til forskrifta syner.

Lom kommune tek ansvar for å få produsert skilt med informasjon om forbodet, som grunneigarane kan plassere ut i samråd med kommunen som vegeigar.

Saksutgreiing

Bakgrunnen for forslaget til kommunal *forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring mykje brukte friluftsområde i Lom kommune* er eit forslag til kommunal forskrift som var sendt ut på høyring i 2021. Området ved Liabrue var da eit av til saman 9 område som var omfatta av forslaget til forskrift etter friluftslova § 15. Dei 8 andre områda gjaldt soner omkring turisthytter i statsallmenning. Utfordringar knytt til coronaepidemien, smittefare i samband med "villcamping" og bruk av sanitæranlegg ved turisthyttene var ein av årsakene til at denne saka vart teke opp av kommunen.

I høyringa og etterfølgjande dialog vart det avklart at Statskog som grunneigar ikkje ønskjer at slike soner med campingforbod blir innført. Lom formannskap vedtok derfor i sak 2022/24 at arbeidet med å innføre forskrift om campingforbod omkring turisthyttene i statsallmenningen blir avslutta, men at kommunen skal arbeide vidare med forslag til forskrift etter friluftslova § 15 på privat grunn omkring badeplassen ved Liabrue.

Bakgrunnen for forslaget er eit behov for å få slutt på tilgrising av naturen og betre sanitære tilhøve omkring badeplassen ved Liabrue, eit friluftsområde med stor utfart på fine sommar-dagar. Samtidig har det i seinare år blitt svært vanleg at campingbilar og turistar i telt overnattar på området. Kommunen har søppelkasser her i sommarsesongen, men området har likevel blitt prega av tilgrising i skog og kratt omkring badeplassen, som derfor har blitt mindre attraktivt som friluftsområde. Samtidig har grunneigarar i området kontakta kommunen med eit klart ønskje om at det blir gjort tiltak for å redusere den belastninga som blir påført privat eigedom. Kommunen foreslår derfor å innføre sone med forbod mot camping/ overnatting i området, slik at badeplassen kan vere eit attraktivt tilbod for fastbuande og tilreisande også i framtida. Eit anna formål med forskrifta er å verne dyre- og plantelivet i området. Sandareala på begge sider av brua er registrert som lokalt viktig naturtype. Det har blitt registrert tilfelle av ulovleg motorferdsel i utmark i samband med camping i området. Den prioriterte arten elvesandjeger er registrert innanfor området, på austsida av brua.

Lovteksten i friluftslova § 15 (Regulering av ferdsel på visse friluftsområde) er:

Til regulering av ferdselen på område hvor utfarten er stor, kan kommunen med samtykke av eieren eller brukeren fastsette atferdsregler som enhver som ferdes på området plikter å følge. Reglene skal særlig ta sikte på å opprettholde ro og orden, verne dyre- og plantelivet og fremme helsetiltak og sanitære forhold.

I rundskriv T-3/07 *Om lov om friluftslivet*, utgjeve av Miljøverndep. 28.06.2007 står:

Restriksjoner kan bare legges på klart begrensede og konkret avgrensede områder. Bestemmelsen kan vanskelig brukes til å legge begrensninger på bruk av større områder, f.eks. forbud mot overnatting i bobiler langs lengre vegstrekninger eller forbud mot bruk av strandsonen langs lengre elvestrekninger. Det kan vanskelig sies at utfarten er stor langs en større slik strekning i sin helhet.

Tidlegare var det i § 15 eit krav om at Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) måtte stadfeste kommunen sitt vedtak om åtferdsreglar. Dette kravet om stadfesting frå Fylkesmannen vart fjerna ved lovendring i 2020. Frå høyringsdokumentet i samband med lovendringa:

Atferdsregler etter § 15 kan utarbeides for å regulere ferdsele i attraktive og mye brukte friluftsområder. Reglene skal særlig ta sikte på å opprettholde ro og orden, verne dyre- og plantelivet og fremme helseiltak og sanitære forhold. Eksempler på innhold i slike ordensregler kan være forbud mot telting eller regler for landsetting og fortøyning av båter. Kommunen kan utarbeide atferdsregler på friluftsområder uavhengig av hvem som eier grunnen, men eier eller bruker må samtykke til slik regulering.

I forkant av høyring av forslaget vart grunneigarane invitert på eit drøftingsmøte, som vart gjennomført 31.03.2023. Hovudpunkt frå drøftinga:

- Alle fire grunneigarane har ønske om at det blir innført kommunal forskrift med forbod mot camping/ overnatting ved Liabrue.
- Området som forbodet skal gjelde i bør ha same utstrekning som forslaget som var sendt på høyring i 2021.
- Skilting kan med fordel skje med informasjonsskilt i staden for typisk forbodsskilt. Må også vise til kommunal forskrift.
- Det bør vere 3 – 4 skilt langs strekningen ut mot brua + 1 skilt på møteplassen/ avkøyringa lenger oppe.
- Sjølv om det blir innført campingforbod vil det likevel vere behov for toalettlysing for dagsbesøk/ badegjester.
- Parkerings langs/ i vegen er også eit problem, kan vere til hinder for utrykkingskøyretøy. Vurdere eventuelle tiltak etter at ein ser verknaden av eit campingforbod.

Høyring av forslaget vart gjennomført i perioden 03.04 – 05.05.2023, og vart kunngjort ved annonse i Fjuken, på kommunen si heimeside, og ved brev til regionale myndigheiter og til lokale og regionale frivillige organisasjonar som kan ha interesser knytt til forslaget.

Det kom inn eit høyringssvar, frå Innlandet politidistrikt, som skriv i sin uttale:

- Viktig med god informasjon i aktuelt område - både på norsk og engelsk språk - om forbodet, med kart som syner grensa for forbodssona.
- Informasjonen må også innehalde trusselen om straffeansvar og bortvisning frå området. Her må det vises til Friluftslova § 39, jfr. § 15
- Evt brot på forskrifta bør meldast til politiet, men formalbrot vil kunne bli lågt prioritert.
- Handheving av forskrifta vil nok ikkje bli prioritert av politiet, men vi vil påpeike og evt anmelde brot som vert avdekka ved patruljering. Hvis det utviklar seg særleg problemåtferd, openberr neglisjering eller særlege dyre-, plante- og miljøhensyn gjer seg gjeldande, vil politiet mogleg revurdere prioriteringa.

Saka blir lagt fram for samfunnsutvalet for innstilling til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i saker som gjeld kommunale forskrifter.

Vurdering

Ved høyring av første forslag til forskrift i 2021 mottok kommunen 13 høyringsuttaler. Uttalene var for ein stor del knytt til forslaget om campingforbod omkring dei 8 turisthyttene. Mange av uttalene stilte da kritiske spørsmål ved om forbod mot camping er rette vegen å gå. Eit klart fleirtal av uttalene var generelt kritiske til så store forbodssoner som forslaget la opp til.

Ved ny høyring av forskrift som berre gjeld Liabrue har interessa for høyringa vore langt mindre, som nemnt over mottok kommunen berre ein uttale.

Grunneigarane er samstemte i at det er eit stort behov for ei slik forskrift. Avgrensing av området som forskrifta skal gjelde for har vore drøfta med grunneigarane, som meiner avgrensinga bør vere slik som vist i kartvedlegg til forslaget. Denne avgrensinga er lik den som var på høyring i 2021. Det har vore drøfta om utstrekninga nordover langs kommunal veg kan innskrenkast, men grunneigarane har ei klar oppfatning om at avkøyringa/ utfyllinga frå vegen oppe i bakken (nærare krysset mot fylkesvegen) bør vere med i sona med forbod mot camping, da den blir nytta av campingvogner/ bular som brukar småskogen ned mot elva som "toalett". Denne avkøyringa ligg på privat grunn.

Kommunedirektøren si vurdering er at den utstrekninga av området med campingforbod som følgjer forslaget til kommunal forskrift er godt nok avgrensa til å ikkje kome i konflikt med dei føringar som ligg i rundskriv T-3/07 *Om lov om friluftslivet*, sjå ovanfor.

Vidare er det kommunedirektøren si vurdering at det er naturleg og mest tenleg at kommunen tek ansvaret for å utforme og produsere skilt som grunneigarane kan plassere ut. Om skilta blir plassert inntil kommunal veg må dette skje i samråd med kommunen som vegeigar.

Eit alternativ til campingregulering gjennom lokal forskrift etter friluftslova kunne ha vore å vedta føresegner knytt til kommuneplanens arealdel etter pbl. § 11-9 nr. 6 om "miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg", som kan omfatte bular og campingvogner. Føresegner etter denne lovheimelen kan sannsynlegvis ikkje omfatte overnatting i telt. Kommunedirektøren si vurdering er derfor at lokal forskrift med heimel i friluftslova § 15 vil vere ei meir eigna løysing for å redusere ulemper med miljøbelastning og tilgrising knytt til camping/ overnatting ved Liabrue.

Det har ved fleire høve vore reist spørsmål om kommunen bør ta ansvar for å etablere eit offentleg toalett ved Liabrue. Dette vil utløyse eit investeringsbehov, i tillegg vil kommunen pådra seg eit ansvar for reinhald, drift og vedlikehald av toalettet. I arkivet finn vi at det var søkt om, og løyvd statlege friluftsmidlar for tilrettelegging for badeplass ved Liabrue i 1992. Det var innhenta tilbod på opparbeiding av parkeringsplassar, plass for søppelcontainer + enkelt toalettanlegg. Det vart arbeid med planar, tilbodsinnhenting og grunneigaravtaler her i perioden 1991-1994. Dette arbeidet stoppa opp på grunn av manglande grunneigarsamtykke til avtale om varig bruksrettsavtale, og i november 1994 vedtok formannskapet å avslutte arbeidet med tilretteleggingstiltak og returnere statstilskotet.

Eit punkt i forslaget til avtale om tilrettelegging ved Liabrue på 1990-talet var at området skulle regulerast og skiltast med forbod mot camping. På bakgrunn av i historikken i saka er kommunedirektøren si vurdering at campingregulering med heimel i friluftslovas § 15 bør gjennomførast uavhengig av eventuelle tilretteleggingstiltak ved friluftsområdet her.